



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
16.04.2019	36656/2019	Øyvind Tveten

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	06.05.2019
	Fylkesrådmannens tilråding	16.05.2019
	Fylkesutvalet	03.06.2019

Høringsuttale til forslag om oppheving av omstillingslova

Bakgrunn

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har sendt forslag om oppheving av omstillingslova på open høyring. NFD viser til at forslaget er eit ledd i regjeringa sitt arbeid med forenkling for næringslivet, mellom anna gjennom fjerning av lover og forskrifter som pålegg næringslivet unødige administrative byrder.

NFD har sendt ut eit høyringsnotat saman med høyringa, og ber der om innspel innan 6.mai 2019. Høyringsnotatet er lagt ved saka.

Fylkesrådmannen vil i denne saka gjere kort greie for kva omstillingslova er. Vi vil gjere greie for korleis lova er følgt opp av fylkeskommunen. Vi vil og gjere greie for dei spørsmåla som høyringsnotatet ber om svar på.

Vurdering

Kva er omstillingslova?

Formålet med omstillingslova er definert i § 1: «Lova skal leggje til rette for ein prosess der ein vurderer tiltak for vidare drift og andre tiltak som reduserer dei negative konsekvensane for dei tilsette og for lokalsamfunnet når det er på tale å leggje ned ei bedrift.»

Verkeområde, ref § 2 i lova: «Lova gjeld når det er planar om å leggje ned ei bedrift der det har arbeidd 30 tilsette eller fleire i dei siste 12 månadene, eller når det er planar om å seie opp meir enn ni tidelar av dei tilsette som arbeider i ei slik bedrift.»

Lova gjeld ikkje dersom bedrifta skal flytte innanfor fylkesgrensa, eller om bedrifta går konkurs. I dei tilfella der bedrifter fell inn under verkeområdet for lova, skal eigaren av ei bedrift som vurderer å legge ned, eller planlegg å seie opp meir enn ni tidelar av dei tilsette, sende ei melding til fylkeskommunen. I ein periode på 30 dagar etter meldinga er sendt, kan ikkje bedrifta treffe endelig avgjerd om nedlegging eller foreta rettslege eller faktiske disposisjonar som vesentleg svekker bedrifta sin verdi. Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle utvide drøftingsperioden med inntil nye 30 dagar.

I meldinga skal bedrifta gjere greie for bakgrunnen for vurdering om nedlegging eller nedbemanning. Meldinga skal innehalde:

- a) talet på tilsette som arbeider ved bedrifta
- b) informasjon om verksemda ved bedrifta
- c) ei vurdering av konsekvensane for dei tilsette og lokalsamfunnet om bedrifta vert lagd ned
- d) bakgrunnen for planane om nedlegging
- e) informasjon om kva vurderingar eigaren eller andre har gjort om alternativ verksemd for bedrifta
- f) ei vurdering av kva som må til for at verksemda i bedrifta kan halde fram g) informasjon om det har vore forhandlingar med dei tilsette om nedlegginga

På bakgrunn av meldinga frå bedrifta skal fylkeskommunen så snart som mogleg innkalle til eit drøftingsmøte der bedrifta med representantar for eigar og leiing, dei tilsette, kommunen, NAV og Innovasjon Norge er til stade.

På drøftingsmøtet skal partane drøfte

- Vidare drift heilt eller delvis
- Samfunnsmessige verknader av ei eventuell nedlegging
- Omstillingstiltak for tilsette som vert omfatta av ei eventuell nedlegging
- Planar for vidare bruk av anlegget

Fylkeskommunen si praktisering av lova

Fylkeskommunen har ved dei høva der varsel om nedlegging har kome, innkalla partane til drøftingsmøte innanfor fristen på 30 dagar. I nokre tilfelle har fylkeskommunen sjølv tatt kontakt med bedrifter som vi er blitt kjent med vurderer å legge ned, men som ikkje har sendt noko varsel til fylkeskommunen. I dei tilfella der det ikkje er sendt inn varsel, er det etter at fylkeskommunen har gjort bedrifta oppmerksom på lova, blitt sendt inn varsel frå bedrifta og vore gjennomført drøftingsmøte. Det er sannsynleg at det kan vere bedrifter som er lagt ned i fylket, som etter lova skulle ha gjennomført drøftingar, men som ikkje har vore fanga opp av fylkeskommunen.

Drøftingsmøta har vore gjennomført med at alle partane har gjort greie for sitt syn, og vi har drøfta spørsmåla vist til over. Fylkeskommunen har aldri gjort vedtak om tvangsmulkt til bedrifter for brot på regelverket knytt til omstillingslova. Av dei prosessane fylkeskommunen har vore involvert i, er det eitt tilfelle der fylkeskommunen kunne ha gitt tvangsmulkt. Bortsett frå dette tilfellet, opplever fylkeskommunen at bedriftene har følgd lovverket.

Svar på NFD sitt høyringsnotat

Fylkeskommunen meiner at NFD sitt høyringsnotat i stor grad tar utgangspunkt i omsynet til bedriftene. Slik fylkeskommunen les notatet, kunne det ha vore meir nyansert opp mot formålet til lova. Vi vil kome inn på dette under dei konkrete spørsmåla som NFD viser til i notatet.

Dei konkrete spørsmåla som NFD stiller i notatet er:

- Kva er omstillingslova sitt bidrag til å nå næringspolitiske mål?
- Er det nådd vesentlege resultat som ikkje kan oppnåast gjennom arbeidsmiljøloven og avtaleverk mellom partane i arbeidslivet?
- Dokumentasjon om kostnader for aktørane som følgje av omstillingslova?
- Har drøftingsprosessane medverka til reelle endringar?

Omstillingslova sitt bidrag til næringspolitiske mål

Utdrag frå høyringsnotatet:

«Departementet er derfor i betydelig tvil om hvorvidt omstillingsloven bidrar til å stimulere den samlede verdiskapingen, opprettholde og skape lønnsomme arbeidsplasser og bidra til innovasjon i næringslivet og god omstillingsevne i norsk økonomi. Nærings- og fiskeridepartementet vil likevel be om høringsinstansenes eventuelle synspunkter på omstillingslovens bidrag til næringspolitiske mål. Høringsinstanser kan her også gi innspill om hvorfor man anser at loven ikke bidrar til næringspolitiske mål.»

Det er bedriftene sjølve som har ansvar for å ta dei føretaksmessige vurderingane og beslutningane for bedrifta, dette verken kan eller bør det offentlege overprøve. Slik fylkeskommunen ser det, er det likevel eit relevant formål med omstillingslova at bedrifter som driv med overskot vurderer om det kan vere aktuelt om verksemda kan drivast vidare med andre eigarar.

Fylkeskommunen har vore involvert i fleire prosessar der verksemdar med betydeleg overskot vert lagt ned. Sjølv om dagens eigarar ser seg best tent med å legge ned bedrifta, anten for å optimere overskot eller med tanke på andre strategiske val for bedrifta, kan andre vere villige til å ta over drifta. Utifrå eit samfunnsøkonomisk og næringspolitisk perspektiv, er det bra at levedyktige bedrifter kan drive vidare med andre eigarar i dei tilfella det er muleg.

Vesentlege resultat som følgje av omstillingslova

«Nærings- og fiskeridepartementet vil likevel be om innspill fra høringsinstansene som kan vise at det er oppnådd eventuelle vesentlige resultater som følge av omstillingsloven og som ikke kan oppnås gjennom bestemmelser i arbeidsmiljøloven og hovedavtaler mellom partene i arbeidslivet.»

Dei fleste meldingane etter omstillingslova som fylkeskommunen har vore involvert i, har enda med at bedrifta legg ned. Slik fylkeskommunen ser det, heng dette tett saman med at bedriftene har vurdert nedlegging grundig før dei sender inn ei melding til fylkeskommunen. Det er sjeldan at det kjem til ny informasjon gjennom drøftingsmøta som gjer at denne vurderinga vert snudd.

Men fylkeskommunen har fleire døme der drøftingsmøta etter omstillingslova har ført til vesentlege resultat. Eit konkret døme frå 2010 er at ei bedrift som vurderte nedlegging, etter drøftingane endra på føresetnadane for at ny verksemd kunne etablerast. Nye eigarar kom inn og bedrifta eksisterer framleis.

I prosessar der bedrifta har produksjon på ulike stader i landet, og der dei skal samle produksjonen på færre stader, har prosessane etter drøftingsmøtet ført til at kommunen og dei tilsette har tilført ny kunnskap slik at bedrifta har vald å oppretthalde verksemda i Møre og Romsdal.

Dei kanskje viktigaste resultatata frå drøftingsmøta, slik fylkeskommunen ser det, er at drøftingane har ført til betre informasjon for partane. I fleire tilfelle opplever fylkeskommunen at både dei tilsette og kommunen har behov for betre informasjon om bakgrunnen for vurderingane om nedlegging, og at desse drøftingane har medverka positivt. Slik fylkeskommunen opplever vert ikkje dette fanga opp tilstrekkeleg i andre prosessar.

NFD ønskjer at høyringsinstansane og skal vurdere i kva grad eventuelle vesentlege resultat er nådd som ikkje kan nås gjennom anna lov- og avtaleverk. Dette er det vanskelegare å ta stilling til.

Handtering av dei tilsette sine rettigheter i forhold til eventuell nedlegging, vert tatt godt i vare gjennom arbeidsmiljøloven. Det er i første rekke vurderingar om vidare drift med andre eigarar, og korleis bedrifta legg til rette for anten vidareføring av liknande verksemd eller ny verksemd i lokala, der omstillingsloven kan ha ein effekt.

Slik fylkeskommunen opplever det, er det nesten alltid eit stort behov for informasjon frå partane utanfor bedrifta. Dette vert ikkje fanga opp i praksis i andre lov- og avtaleverk slik fylkeskommunen ser det. Ikkje minst gjeld dette opp mot kommunen og dei som skal legge til rette for næringsverksemd i kommunen og regionen.

Kostnadar for bedrifter, fylka og andre involverte

«Nærings- og fiskeridepartementet mottar gjerne innspill med nærmere informasjon og dokumentasjon om kostnader for bedrifter, fylkene og andre involverte aktører som har gjennomført drøftelsesprosesser i henhold til omstillingsloven. Departementet antar at det kan være vanskelig med presise anslag og samleanslag for årlige kostnader. Det er derfor for eksempel nyttig med identifisering av hvilke typer kostnader bedriftene har pådratt seg som følge av omstillingslovens bestemmelser, og som en ellers ikke ville ha hatt.»

For fylkeskommunen sin del er kostnadane låge knytt til desse prosessane. Fylkeskommunen tar direkte kontakt med partane for å kalle inn til møte. I all hovudsak vert det gjennomført eit møte i regi av fylkeskommunen. Fylkeskommunen stiller med to til tre representantar inkludert møteleiar og møterefarent. I etterkant av møta vert det sendt ut referat til møtedeltakarane.

Har drøftingane hindra nedlegging eller vore avgjerande for ny produksjon

«Nærings- og fiskeridepartementet ber likevel om eventuelle synspunkter og dokumentasjon på om høyringsinstansane kan sannsynleggjøre at drøftelsesprosessen etter omstillingsloven hindrer nedleggelse av produksjon og bedrifter eller har vært avgjørende for etablering av ny produksjon, nye bedrifter eller formidling av arbeidstakere til nytt arbeid som ellers ikke ville ha skjedd.»

Dette spørsmålet heng saman med vurderingane til det første spørsmålet og vi viser til omtalen der. Dei fleste prosessane etter omstillingslova fører ikkje til at ein hindrar nedlegging, eller andre positive effektar i høve til formålet med lova, men i nokre høve ser vi at lova og prosessane knytt til den gir resultat.

God og open dialog mellom partane rundt bedrifta er ikkje noko som er tydeleg i formålet til omstillingslova. Bedrifta sine vurderingar av situasjonen er nyttig informasjon til dei som skal legge til rette for næringsverksemd, og bør vere med i vurderingane viss ein skal gjere andre grep etter ei eventuell oppheving av omstillingslova.

Oppsummering

I all hovudsak oppfattar fylkeskommunen at bedriftene er ryddige og grundige i prosessane knytt til nedlegging og nedbemanning, og legg stor vekt på dei tilsette i desse prosessane.

Fylkeskommunen erfarer at omstillingslova i få tilfelle fører til endring av avgjerd om nedlegging av bedrifter. Ved enkelte høve har prosessane ført til at ny verksemd har vorte etablert. I dei tilfelle bedriftene har køyrt gode prosessar med dei tilsette, kommunen og andre partar, ser fylkeskommunen at drøftingmøta etter omstillingslova kan vere ei tilleggsbelastning for bedriftene.

Partane rundt bedrifta, i fremste rekke kommunen og i andre tilfelle også dei tilsette, gir gode tilbakemeldingar på nytten av desse møta. Her får partane rundt bedrifta tilgang på informasjon som dei elles ofte ikkje får tilgang til. Dette er informasjon som kan vere nyttig for kommunen som tilretteleggar for næringsverksemd, og for å forstå kva som ligg bak ei avgjerd om nedlegging.

Fylkeskommunen er heilt einig i at det er bedrifta som skal ta dei føretaksmessige avgjerdene, men ser samtidig at det er viktig at bedriftene legg best muleg til rette for at verksemda kan vidareførast der det er moglegheiter for lønnsam drift, og dette ikkje er klart i strid med interessene til bedrifta som skal legge ned.

Ressursane som vert brukt i ein slik prosess, medrekna bedrifta, kommunen, fylkeskommunen, Nav og dei tilsette, er slik fylkeskommunen ser det ikkje store sett opp mot dei konsekvensane ei nedlegging vil få for lokalsamfunnet og dei tilsette.

Omsynet til informasjon og drøfting med dei tilsette er i hovudsak dekt av arbeidsmiljølova. Slik fylkeskommunen ser det er det omsynet til lokalsamfunnet som er lova sin viktigaste misjon, ved at den set krav til at alle involverte partar kjem saman og vert informert, og alle har mulegheit til å gi sitt syn på situasjonen. Ved ei eventuell oppheving av omstillingslova, må NFD etter vår vurdering gjere greie for korleis anna lovverk eller forskrifter kan ivareta partane i lokalsamfunnet i desse sakene.

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet må klargjere korleis andre lover eller forskrifter skal ivareta informasjonen og dialog med lokalsamfunnet i prosessane der ei større verksemd vert vurdert nedlagt.
2. Under føresetnad av at dette blir ivareteke, kan Møre og Romsdal fylkeskommune slutte seg til forslaget om oppheving av omstillingsloven.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Vedlegg

1 Høyringsnotat